

# Minium og massicotitt


Tekst og foto Tor Witsø



gongen finnaren var på staden fann han nok ein stein med minium på. På denne siste stoffen var det dessutan eit gulffarga mineral som passar godt til omtalen om massicotitt som ein har i Encyclopedia of Minerals. Dette er eit blyoksyd med 2-verdig bly som ofte finnes assosiert med minium, og dette mineralet er heller ikkje registrert funne i Norge tidlegare. Det er så lite materiale at finnaren vil ikkje ødelegge stoffen før det blir funne meir.

Minium er det latinske namnet på eit mineral som vi best kjenner under namnet mønje. Det er eit oksyd av 3-verdig og 2-verdig bly og det kan bli laga naturleg, til dømes i blyglansforekomster. Første gongen det vart funne og identifisert naturleg mønje i Norge var på Hitra våren 1997. Funnet vart gjort på ein av gruvetippene frå blyglans- og sinkblendegruva «Roven synk» på Meland. Mineralet vart identifisert ved NGU. Det var lite å finne, men andre

*Den første stoffen som vart funne (over) inneheldt berre minium. På den andre (nede til venstre) er det i tillegg til minium eit gult mineral som finnaren trur er massicotitt.*



## Bakgrunnen for mineralinteressa i Opdal

Det tok til ein gong midt på sjutitalet. Ein gut i Drivdalen valgte seg steinsamling som junioroppgave i 4-H. Sidan far hans hadde vore elev av professor Steinar Skjeseth ved Norges landbruks-høgskole på Ås var det berre rimeleg at han stilte opp for å hjelpe til. Det førte til at ei gammel interesse vart vekt att, og sidan har ho vokse seg større og større. Mannen trudde lenge at han var aleine i bygda om å ha denne interessa for stein og mineral, heilt til han vart kontakta av ein lærar på den videregåande skulen. Snart kom ideen om å starte ein steinklubb, og da ein tredjemann kom inn i bildet vart klubben ein realitet. Klubben, som fekk namnet «Opdalitten» etter bergartsnamnet som ikkje er brukt lenger, vart stifta seint på året 1984.

Interessa og aktiviteten avtok, og låg ei stund heilt nede. Det blir gjerne slik når ein ikkje har eigne lokale. Det vart meir liv og røre att da eigarane av Driva kro vart interessert i stein og starta med steinbutikk. Her fekk klubben ein tilhaldsstad, og begge partane kunne dra nytte av kvarandre. Minerala som vart funne fekk etter kvart plass i klubben si samling på Driva kro.


Utan å nemne namn er det eit faktum at spesielt ein mann har hatt mye å seie for utviklinga av klubben, og han har mye av æra for at «Opdalitten» er eit kjent namn i steinmiljøa rundt om i landet. Han var den ivrigaste fjellvandraren og utvikla snart ei eiga evne til å finne krystallane. Snart tok han til å dra heim det eine sjeldne mineralet etter det andre. Toppen vart vel nådd på haustparten i 1991. Da fann han gull og teineitt på Gråurd fjellet, det sist nemnte funne for første gongen i Norge. I tillegg til dette fann han eit ukjent mineral som enno ikkje er godkjent, dessutan

vart det seinare i samme materialet funne hessitt, eit sølvtellurid. Oppglødd over desse hendingane tok vi andre til å undersøke det vi hadde drege med oss heim opp gjennom åra, og etter kvart som funna vart identifisert vart det ei rett så lang liste med mineralnamn. I Opdal er det til no registrert meir enn nitti ulike mineral.

Denne aktive klubben vart lagt merke til, og dette var nok ei medverkande årsak til at han vart tildelt arrangementet av «NAGS` 19. nordisk stein- og mineralmesse 1996».

Driva 4/11 1997

Tor Witsø



*Dette er eit bilde av mineralet som enno ikkje er godkjent. Eit veit at det tilhører det monokline systemet. Det er eit vassshaldig oksyd med koppar og tellurium. Høvet mellom elementa er som i formelen  $CuTe_3H_2O$ , og mineralet er dimorft med graemitt.*